

Sverre Steen-prisen 2017

Sverre Steen-prisen går i år til ein historikar med lang fartstid, stor produktivitet – og med eit insisterande formidlingsengasjement.

Prisvinnaren har vore med på å fornye og forme ut delar av faget, som byhistorie, minoritetshistorie, innvandringshistorie og migrasjonshistorie, og han har fylt sentrale kategoriar som etnisitet og region med både empirisk og teoretisk innhald. Han har løfta fram nye område og nye grupper, på grunnlag av eit rikt kjeldemateriale knytt til fleirkulturalitet og grensekryssing på Nordkalotten – eit område med både synlege, usynlege og ikkje-eksisterande grenser. Men prisvinnaren har alltid eit løfta blikk som set den nordlege historia inn i ei større ramme og som tilbyr den nordlege erfaringa til andre historikarar som balar med dei same spørsmåla.

Prisvinnaren sin produksjon er stor gjennom mange tiår. Tidlege milepælar var boka om *Den finske fare*, saman med Knut Einar Eriksen i 1981 og soga om hans eigen heimby, Vadsø, i 1983. Han var sentral forfattar i dei Bragepris-vinnande fleirbandsverka *Nordnorsk kulturhistorie* (1994) og *Norsk innvandringshistorie* (2003). Og dei siste åra har han vore svært delaktig i det nye tobandsverket om tilhøvet mellom Noreg og Russland (2014–2015), og i trebandsverket om Barentsregionens historie og ensyklopedi (2016).

Sverre Steen-prisen går i 2017 til Einar Niemi.

Men like viktig som Einar Niemi sine bidrag til historiefaget og historikarlauget, er engasjement hans for å formidle historie. Han går ikkje av vegen for å gje forsamlinga – anten det er Nordlys-lesarar, foredragstilhøyrarar eller andre medlemmer av dei tallause råd, styrer og utval han har sete i – eit grunnkurs i historisk metode og kjeldebruk, noko han nok meiner er relevant for ei kvar sak. Han går heller ikkje av vegen for å krysse vidda på ski, i iveren etter å formidle Finnmarks historie.

I tillegg til eigeninitiert historieformidling blir Niemi også hyppig brukt av media, og han er ein ettertrakta foredragshaldar; alltid godt førebudd, alltid engasjerande. Han kan snakke klokt om korleis kunnskap om multietniske forhold kan fremja integrering, han kan snakke utfordrande om korleis "Nord-Norge"-begrepet har vorte fylt med innhald, og han kan snakke varmt om revitalisering av kvensk språk og kultur og kampen kvenane har ført for status som nasjonal minoritet. Og alle som har høyrte Einar Niemi sine førelesingar om den franske revolusjonen vil vera overtydd om at det er **der** historikarhjarta hans verkeleg ligg....

Einar Niemi har fått ei rekkje prisar og utmerkingar, som "Gad Rausings pris för framstående humanistisk forskargärning" i 2003. Han har vore redaktør for *Historisk tidsskrift* og for samtlege av Samlaget sine til no 19 bøker i Utsyn-serien. Han er medlem av Det norske videnskapsakademi, Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab og korresponderande medlem av Kungl. Skytteanska Samfundet. Han fylte 70 år i 2013 og har sidan vore professor emeritus ved Institutt for historie og religionsvitenskap ved UiT Noregs arktiske universitet. Han er framleis svært produktiv, og om ein sjekkar talet på Cristin-registreringar siste året vil dei fleste ha noko å strekkje seg etter. Det sterkaste uttrykket for at han er 'still going strong' er viljen hans til å delta i det offentlege ordskiftet – med detaljrik kunnskap og ikkje minst med kritisk blikk til ulike former for bruk og misbruk av historiefaget i den pågåande politiske debatten. Som avisa Nordlys skreiv på leiarplass i juni i fjor: "Når det gjelder kunnskap om

Finmark kunne alle nordnorske beslutningstakere hatt godt av litt voksenopplæring fra Nord-Norges store historiker Einar Niemi.”

Tromsø, Oslo, Bergen, 19. mai 2017

Sigrun Høgetveit Berg

Jorunn Bjørgum

Gunnar W. Knutsen